



Kommunane i Møre og Romsdal

## Invitasjon til fagseminar for psykososiale kriseteam

Fylkesmannen, RVTS-Midt og Nettverk for kriseteam i Møre og Romsdal arrangerer i mai to fagseminar om traume, traumeforståing og behovet for hjelp. Målgruppa er medlemmer i kommunane sine psykososiale kriseteam/omsorgsberedskapsgrupper, beredskapsansvarlege i kommunen og andre som har interesse for fagområdet og som kan vere aktuelle for arbeid i kriseteam.

Det blir gjennomført identiske seminar:

- Måndag 18. mai 2015 på Thon Hotel Kristiansund
- Tysdag 19. mai 2015 på Scandic Parken i Ålesund

Program ligg vedlagt.

Påmeldingsskjema ligg på fylkesmannen sin nettstad, [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr), under lenka «kurs og konferansar» nedst på sida. **Frist for påmelding: 05.05.2015.**

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no). Spørsmål om opplegget elles kan rettast til Ketil Matvik Foldal eller nettverkskoordinator Ingrid Olavsdotter Nesland.

Ei seminaravgift på *inntil* kr. 700,- blir fakturert etter seminaret. Vi tek ikkje meir enn strengt nødvendig for å dekkje kostnadene, og ved god påmelding kan seminaravgifta bli lågare.

Med helsing

Ketil Matvik Foldal (e.f.)  
fylkesberedskapssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg: Program

## **Fagseminar om traume, traumeforståing og behovet for hjelp**

Måndag 18. mai 2015 på Thon Hotel Kristiansund

Tysdag 19. mai 2015 på Scandic Parken i Ålesund

### **Program**

10.00 – 10.15: Velkomen

10.15 – 11.15: «Å være på den andre siden – å være den som trenger hjelp»  
v/ kommunikasjonssjef Kitty Eide

11.15 – 12.15: Ny rettleiar for psykososialt støttearbeid ved kriser og katastrofar  
v/ representant frå Helsedirektoratet

12.15 – 13.00: Føremiddagsmat

13.00 – 16.00: Traume, traumatisering og behov for hjelp – på kort og på lang sikt  
v/ Unni Heltne, psykologspesialist og leiar ved Senter for  
Krisepsykologi i Bergen

**Målgruppe:** Medlemer i kommunane sine psykososiale kriseteam,  
beredskapsansvarlege i kommunen og andre som har interesse for  
feltet og som kan vere aktuelle for arbeid i kriseteam.